

## Medvind

Den 11.mars 2014 er ein merkedag i moldovsk historie. Då starta kurs 1 av fire 11 vekers universitetskurs i optometri. Det første på dette fagområdet nokonsinne i Moldova; kanskje i heile gamle Sovjetunionen.

Dei første studentane er dyktige, unge, ferdig utdanna augespesialistar. Gjennom kurset får dei kunnskap om korleis dei kan diagnostisera, rehabilitera og integrera synshemma.

Hausten 2015 startar Det medisinske Universitetet i Chisinau for første gong i historien eit komplett studium i optometri for nye studenter.

På sikt vil dette medføra at alle synshemma i Moldova kan få den hjelp og oppfølging dei i følgje menneskerettatne har krav på, men som dei fleste med dette handkappet til no så sårt har sakna.

Dette er ei storhending, og i realiteten ein viktig del av demokratiseringsprosessen i republikken. Det er først og fremst ein mann å takka; Hans Bjørn Bakketeig. At det no let seg realisera, er eit resultat av at han for to år sia vart utnemnd til "Optometrist of the World" for sitt arbeid i Moldova.

Kva dette betyr for pasientar og pårørande, er vanskeleg å ta inn over seg. For Hans Bjørn og hans støttespelarar betyr det at ein stor draum er i ferd med å gå i oppfyl-  
ling.

Kåre Ness

Meir på:

[www.hjelp-moldova.no](http://www.hjelp-moldova.no)

## Bli fast gjevar

Vi treng fleire som er villige til fast trekk på ein sum, t.d. kr 100, i månaden. Midlane sikrar løn til våre tilsette på Synssenteret.

Kontakt kasserar Astrid på telefon 991 63 456.

[www.hjelp-moldova.no](http://www.hjelp-moldova.no)

## Nye midlar frå Grieg Foundation

Dei siste åra er det takk vere midlar frå Grieg Foundation at Hjelp Moldova har kunna driva og utvikla arbeidet med og for synshemma i Moldova. Nye 300.000 kroner sikrar drifta av Synssenteret i 2014.

## Solidaritetsarbeid for Moldova

Elevar ved Os vidaregåande skule, Os Gymnas, Langhaugen videregående skole i Bergen og Bamble videregående skole i Bamble har vist einestående innsatsvilje i sitt engasjement for Hjelp Moldova. I 2013 jobba elevane inn 350.000 kroner!

## UD-støtte i tre år

I januar 2013 søkte vi Utanriksdepartementet (UD) om støtte til kompetansebygging for augelegar som del av Synsprosjektet. I april blei søknaden innvilga med prosjektittel "Capacity building in assistance to the visual impaired". Totalsum er vel 3 millionar kr fordelt over tre år.

**På vegner av mange tusen synshemma takkar Hjelp Moldova store og små sponsoarar for støtte i 2013.**

## Innkalling til Årsmøte 2014

Tid: 6.april 2014 kl. 18.00

Stad: Avisa Strilen sine lokale i Knarvik

### Sakliste:

- 1: Årsmelding 2013
- 2: Rekneskap 2013
- 3: Handlingsplan 2014
- 4: Val
- 5: Medlemskontingent
- 6: Inkomne framlegg:

Etter årsmøtet vert det lett servering, Elevar frå Os fortel om ekskursjon til Moldova og solidaritetsarbeide ved skulane.

Det er kome inn framlegg om endring i Lover og vedtekter, § 8, slik: *Årsmøtet holdes innen utgangen av april måned.*

**Alle som har betalt kontingent før årsmøtet, har stemmerett.**

**Vanleg kontingent er kr 200. (Familiekontingent utgår). Hugs namn på giroen, også når du nyttar nettbank.**

## Årsmelding 2013

### Styret si samansetjing 2013:

Leiar: Hans B. Bakketeig - på val  
Nestleiar: Åse Hundvin  
Skrivar: Kåre Ness - på val  
Kasserar: Astrid D Kristiansen  
Styremedl: Kristine Krokli - på val  
Varamedl: Jarle Ådlandsvik - på val  
Nils Fredrik Nilsen

Valkomite: Bjørn Borgen (har site 3 år)  
Skjoldvor L. Haukaas (har site 2 år)  
Arne Kåstad (har site 1 år)

Framhald side 2

## Glimt - året som gjekk...

### Optikarutdanning



Planleggingsmøte i Oslo for første optikarutdanning i Moldova: Tatiana Ghidirimshi og Hans Bjørn Bakketeig saman med professor Cusnir frå Moldova, kanadiske Luigi Bilotto og australske Stephanie Looi frå Brian Holdoen Vision Institute. Norges Optikerforbund og Høgskolen i Buskerud er også med i utdanningsprosjektet.

### Jubileumsfeiring



Med i 20 år: Galina Gradinari i Moldova og Jon O Vevle i Norge.

### Julegaveprosjektet



Mor Maria saman med sin multi-handicappa son, Pavel.

Foto: Kåre Ness

## Førebels frå kassereren:

### Inntekter, ca:

Faste gjevarar: kr 120.000  
Grieg : kr 250.000  
Julegåveaksjonen: kr 40.000  
Medlemspengar: kr 10.000  
Gåver elles (bursdagar, bryllaup, Kvitebjørn m.m.): kr 130.000  
Samarbeidsskulane: kr367.000

### Utgifter, ca:

Synssenteret, drift: kr 240.000  
Briller kr 207.000  
Rekneskap kr. 8.500  
Turar mm kr 370.000

## Medlemmer/styre

Medlemstallet er stabilt på ca 130. Det er halde 8 styremøte i perioden. Samarbeidet i styret er svært bra.

## Økonomi

Det er med glede vi konstaterer at økonomien har snudd seg frå usikker til å vera god. I januar 2013 søkte vi UD om støtte til synsprosjektet. I april blei søknaden innvilga. Totalsum er vel tre millionar kroner fordelt over tre år. Støtta frå Grieg Foundation på kr 250.000 i 2013 er avgjerande for drifta. Midlane frå faste gjevarar går til løn for tilsette ved synssenteret. Os vgs, Os Gymnas og Langhaugen vgs hadde sine årlege solidaritetsaksjonar til inntekt for Hjelp Moldova. Inntektene totalt var nær kr 350.000. I november fekk vi også i stand ein avtale med Bamble vgs i Telemark.

## Turar/trailarar

Seks turar i fjor, men ingen trailarar. I september feira vi 20-årsjubileum i Moldova. Vel 50 gjester var til stades; representantar frå det offisielle Moldova, sjukehus, institusjonar, augelegar, FN, Norlam, samt noverande og tidlegare styremedlemer. Organisasjonen og Hans Bjørn fekk tildelt "Diplom av grad nummer 1" frå den moldovske regjeringa. På oktober-turen deltok elevar og lærarar frå Langhaugen vgs, Os vgs og Os Gymnas.

## Synsprosjektet

Prosjektet UD-midlar går over tre år. Målet er å heva kompetansen til alle augeleger i Moldova og utstyra alle sjukehus/poliklinikkar med basisutstyr. Det er gjennomført eitt seminar, og 15 sjukehus/poliklinikkar har fått utstyr. Nær 800 synshemma er undersøkte ved senteret. Det er laga 150 par spesialbriller. Mykje anna optiske hjelpemiddel er tilpassa. Tenesta er omreisende, og synshemma får hjelp over heile landet. Dr. Tatiana Ghidirimschi er dagleg leiar. I februar 2013 tok ho doktorgraden. Vi arbeider aktivt med å få større lokale. Dette tar lang tid. Vi har framleis to legar, ein sjukepleiar og ein rekneskapsmedarbeidar tilsett. Augekirurg Jan Askvik nytta også i 2013 ei av sine ferieveker til å følgja opp sine kollegaer ved sjukehus og institusjonar i Moldova.

Hovudfokus for Synsprosjektet er å få god drift og gje dei tilsette god

oppfølging. Det har vore fleire møte med ministrane i helse- og sosialdepartementet. Siste tida har også statsministaren vist interesse. Det Medisinsk Universitetet i Chisinau ønskjer samarbeid med tanke på utdanning og etterutdanninga av augelegar. Vi arbeider også for å få i stand ei utdanning innan fagfeltet optometri ved universitetet. Dette skjer i nær samarbeid med Norges Optikerforbund, Brien Holden Vision Institute, Optometry Giving Sight og Høgskulen i Buskerud og Vestfold.

## Prosjekt arbeid

Vi hadde i 2013 eit samarbeidd med Ingvald Bastesen om å etablera prosjektet "Arbeid for funksjonshemma" i Moldova.

## Prosjekt hus

Familien Raiu er følgd opp. I haust fekk dei montert eldstad i huset.

## Barneheim nr. 74

Barneheim nr. 74 er følgd opp. Vi vonar å kunna fullfinansiera eit tilbygg for stimulering/aktivitetar. Kostnaden er ca. kr 300.000.

## "Mor og barn-sjukehuset"

Mor og barn-sjukehuset (Statoil-sjukehuset) er følgd opp. Sanitærforholda vert stadig betre.

## Julegåvobrev

Også i 2013 vart det selt julebrev i godt samarbeid med Irmelin Bjer-ring Hansen. Summen, ca kr 40.000, vert fordelt på fem ulike familier.

## Samarbeidspartnarar

Viktige samarbeidspartnarar er UD Grieg Foundation, Langhaugen vgs, Os vgs, Os Gymnas, Bamble vgs, Hjelpemiddelsentralane, augelegar, optikarar, Sverre W. Monsen, private gjevarar og andre. Hjelp Moldova har gjennom Systemtrafikk fått tilgang til lager på Osterøy og på Dale. I Moldova er det Societate Filantropica Help og synssenteret som tek hand om våre interesser. Galina Gradinari, Tatiana Ghidirimschi og dei tilsette ved senteret har gjort ein fantastisk innsats også i år.

Utan støttespelarane ville arbeidet vårt vore vanskeleg. Vi er svært takksame for støtta!

Styret

# Handlingsplan 2014

Hjelp Moldova har eit utfordrande og spennande år framfor seg. Også i år vil synsprosjektet vera hovudaktivitet.

## Synsprosjektet

Synssenteret i Chisinau har 5-årsjubileum i april. Mange synshemma har fått hjelp, og etterspurnaden etter tenestene er stor. Arbeidet med større lokaliteter blir viktig også i år.

Ved senteret har vi tilsett to augelegar, ein sjukepleiar og ein rekneskapsmedarbeidar som skal formidla kompetanse, gjera utgreiingar og behandla synshemma. Det er ei stor utfordring heile tida å tilføra naudsynnte synshjelpemiddel. Målet er å yta hjelp til synshemma i heile Moldova.

Prosjektet med kompetanseheving av augelegar og tildeling av naudsynt utstyr til sjukehus og poliklinikkar vil halda fram. Vi tar sikte på tre kurs for augelegar i løpet av året.

Den 10. mars starta vi ei ny utdanning av augelegar på fagfeltet optometri. Kurset varer i 13 veker med forelesingar og sjølvstudium. Eit nytt 13-vekers kurs startar i september.

Desse kursa er eit samarbeid med medisinsk universitet i Chisinau, Hjelp Moldova, Norges Optikerforbund, Høgskulen i Buskerud og Vestfold, Optometry Giving Sight og Brien Holden Vision Institute i Australia. UD søttar prosjektet økonomisk.

Vi samarbeider nært med FN i Moldova gjennom FN sitt utviklingsprogram (UNDP). Dei har oppfordra oss om å søkja midlar til eit prosjekt som har til mål å styrka samarbeidet mellom Transnistria og Moldova. I Transnistria skal vi mellom anna undersøke 200 barn i ein barnehage. Det er sendt søknad om støtte på 50.000 USD.

I 2013 oppretta vi god kontakt med NORLAM; eit norsk-moldovsk samarbeid om reformer i justissektoren.

Hjelp Moldova skal på vegne av NORLAM utføra synsundersøkingar av 400 fangar i eit kvinnefengsel og 25 fangar i eit ungdomsfengsel.

Kirurg Jan Askvik frå Bergen Øylegesenter har dei siste 10 åra brukt ei veke av sin ferie til augeoperasjonar, samt undervising og veiledning av moldovske kollegar. Hausten 2014 reiser han på ny tur til Moldova.

## "Prosjekt arbeid"

Hjelp Moldova går ut av dette prosjektet, og Ingvald Bastesen fører arbeidet vidare i samarbeid med SIVA (Selskapet for industrivekst SF).

## Barneheim nr. 74

Vi vil i 2014 følgja opp og sjå på vidare utvikling av barneheim nr.74. Vi vonar på å få ferdigstilt tilbygget som skal hysa to nye aktivitetsrom.

## "Mor og Barn sjukehuset/ Statoilsjukehuset"

Vi vil framleis ha kontakt med sjukehuset med tanke på rehabilitering og utstyr. Det er bestilt ti babykrybber og ei transportbåre.

## Økonomi

Styret arbeider kontinuerleg med å skaffa midlar. Samtidig må vi arbeide med marknadsføring av organisasjonen, og bli meir synleg. Vi ønskjer å knyta til oss fleire skular med tanke på solidaritetsarbeid.

Dei faste gjevarane er svært viktige for drifta, og vi håper talet på gjevarar held fram med å auka. Inntektene går til drift av synssenteret samt kjøp av briller og synshjelpemiddel.

Hans Bjørn Bakketeig er heiltidstilsett i organisasjonen fram til sommaren 2015.

Styret

## Takk til gjevarar

Hjelp Moldova har motteke gaver frå privatpersonar i samband med ulike arrangement eller feiringar der dei har bede om pengar øyremerka Moldova i staden for å motta presangar. Hjarteleg takk for gåvene!